

# Nordfjord Golfklubb

---

## Årsmelding for sesongen 2018

Årsmøte 06.02.2019

### Styret i 2017

- Leiar: Kent Tryggestad
- Nestleiar: Jan Skogstad
- Sekretær: Arild Hjelmeland
- Kasserar: Helge Haugland
- Styremedlem: Tore Henning Naustdal
- Styremedlem: Frode Nord
- Vara: Agnar Kvalsund
  
- Grunneigar: Svein Fjørtoft
- Grunneigar: Stephan ter Stege

### Styremøte 2018:

Styret har gjennomført 3 styremøte i 2018. Styret har fungert godt og har utført mykje godt arbeid gjennom året, der noko er synleg, mens anna er mindre synleg. Det vært vist til årsmelding frå styreleiar og dei forskjellelege leiarar for komitear.

### Styreleiar har ordet.

Vi har lagt bak oss et godt år økonomisk, og med gode utsikter for det nye.

Arbeidet på garasjen er godt i gang, og målet er å få skifta all kledning i løpet av våren. Blir også godt å få alle maskiner under tak i det nye tilbygget.

Det har vært god aktivitet på bana, men vi har selvfølgelig plass til fleire. Det blir som vanlig hovedfokus i sesongen som kjem også. Men her jobbar Sportskomiteen godt, og vi er spesielt spent på mottagelsen av vår nye golf simulator. Dette bør være et flott tilskudd til å få med fleire i golfen. Vi jobber med å få på plass avtale med hotellet om plassering av simulatoren, og håper dette er på plass ganske snart.

Med dette ønsker eg alle lykke til med sesongen 2019, og velkommen til Stokkenes Golfpark.

Kent Tryggestad, Styreleiar

## **Marknadsarbeid:**

Marknadsarbeidet har vore ivareteke i styret sitt arbeid. Arbeidet med å skaffe sponsorar har i året 2018 gjeve godt resultat. Dette arbeidet burde vært eiga gruppe og styret ser at her kunne vært utført mykje meir – både for å hente sponsorar og prosjekt samt handtere og følgje opp sponsorane gjennom året.

- Styret viser til [www.norgolf.com](http://www.norgolf.com) for oversikt av samarbeidspartnerar.

*Styret i NGK*

## **Bane komitéen**

Vi fikk ein vinter der greenane blei dekt av eit tjukt lag med is. Det tok lang tid før vi kunne prøve å få vekk isen men etter god innsats klarte vi å få fjerna den. Så kom ein tørr sommar der vi virkelig fikk bruk av vatningsanlegget. Der måtte vi vatne hol 8 manuellt då spredarane der ikkje fikk nok trykk. På seinsommaren slutta vatningsanlegget å virke på automatisk vatning. Ser ut som om programmet for automatisk vatning er ute av stille. Men regnet gjorde at vi slapp å bruke det resten av sesongen.

Det blei innkalla til 3 duggnader før vi skulle åpne bana der oppmøte var 5-8 stk. pr duggnad. Skulle ha vore fleire slik at vi fikk gjort meir. Det blei mest raking og kvisting, rydding av bunkarane, rydding garasje, fikk opp nett på utslag 1 og plukking av rangeballar.

Klippeteama og vedlikehold av maskinene har fungert veldig godt og vi har hatt ei veldig flott bane og maskiner som har fungert. Har fått mykje skryt av bana vår som vi kan vere stolte av.

På haust/vinter blei det gjort ein veldig stor jobb med grøfting og drenering av våte område på bana. Fantastisk innsats av dei involverte.

Det vi ikkje fikk gjort som var på planen for arbeid i 2018 var å få fiksa øvingsgreenen, lagt ut resten av kunstgraset i skråninga på rangen og maling av bruene.

Desse punkta må vi ha øverst på planen for 2019. Så blir det å slutføre dreneringsarbeidet der vi må rake og så til grøftene. Dei vanlige duggnadane der vi gjer bana klar til spel for 2019 sesongen kjem så fort det blir sjangs.

Leiar for banekomiteen, Tore H. Naustdal

## **Sport- og rekrutteringskomitéen**

Vi i sportskomiteen er nøgde med sesongen 2018. Aktiviteten i klubben og på bana har vore bra.

Vi har hatt 3 komitémøte gjennom sesongen, der vi har diskutert terminlista, arrangement og aktivitetar.

Vi har vore delaktige og pådrivarar for å få opp betalingsautomat.

Vi har hatt ansvar for registreringsskjema

Vi har hatt møte med Sandane om venegolf. Vi reiste til Sandane og hadde møtet der

Det er blitt arrangert Sommarslaget, Skramlebytta, Nordvest Tour, Klubbmeisterskap, Nattgolf, lagscramble, venneturnering og flaggkonkurransen.

Agnar og Bjørn har arrangert VTG kurs for 9 nye medlemmar. Dei fleste av desse unge spelarar som vi har sett igjen på bana etter gjennomført kurs. Desse nye medlemene har også dratt med seg venner på golfbana.

Vi har arrangert aktivitetsdag for vidaregåande skule .

Siste del av 2018 har det blitt jobba med innkjøp av simulator og utstyr til denne.

Sport har delteke på 2 møter med leiinga på Nordfjord hotel for samarbeid om golfsimulator.

Simulatoren er registrert og blitt prøvd i midlertidige lokaler på Norddrikk

Sport har hatt møte med Sparebanken Vest om sponsorstøtte til golfsimulator. Det vart lagt fram ein presentasjon av eit rekrutteringsprosjekt, der golfsimulatoren er eit hjelpemiddel. Søknad vert sendt 2019.

Sport har vore drivrarar av golfbox, og markedsføring av arrangement og aktivitetar på facebook og ved sms varsling.

Lokaler til Jubileumshelg er bestilt 17-18 august på Stokkenes

Jan Skogstad og Arild Hjelmeland har bidrige med markedsføring, annonsering, sportslege innspel og hjelp med golfbox.

Jon Tore Sætre har bidrige med visning og oppsett av simulator.

Vi ynskjer å ha rekrutteringsarbeid som hovudfokus sesongen 2019.

Sportsleg utval, Agnar, Bjørn og Frode.

#### **Medlemsoversikt pr. januar 2019:**

- Damer – 36 – herav 0 under 19 år
- Menn – 133 (159 i 2017) – herav 8 under 19 år

**Det vil seie totalt 169 (180 i 2018) medlemar**

**Valnemnda:**

Valnemnda viser til årsmelding over og sluttar seg til det som er nemnd, samtidig som valnemnda vil gje sin honnør til alle som har arbeidd for klubben dette året. Valnemnda er imponert over kva som er utført på dugnad. Nemnda vil også takke for den velvilje det er til å stille opp for styre og komitéarbeid.

Lykke til med 2019 sesongen!

Jens Kristian Botn, leiar

*Kent Tryggestad*, leiar Nordfjord Golfklubb

Kent Tryggestad